

# 17. Johan Rønninga-vals

Chords: G, C, D7, G, C, D7, G, G, G, C, D7, G, C, D7, G, D7, G, D7, G, G, G.

Denne valsen har fått namn etter ein skinnhandlar som fór og reiste, Johan Rønninga. Vi har han i form etter Ola Kallset frå Torjulvågen. Når du spelar denne (på fele) kan du i takt 2 også gje D-strengen eit skikkeleg strøk slik at du får ein bordun-klang. Generellt kan ein seie at når ein spelar på G-strengen i G-dur, kan D-strengen godt klinge med dersom ein harmonisk har G eller D. Slåtten er å høyre på «Slåttonn»-plata.